

Høgspintlina under brua

01.10.2013



Høgspintlina skal no gå i eit røyr under brua

Folk undrar på om det er sett igang reparasjonsarbeid på brua, men svaret er nei, Det som skjer er at høgspintlina blir ført over elva under brua i eit røyr, som ledd i eit større samarbeidsprosjekt i området. I Kvinnherad Energi får uskedalen.no opplyst at prosjektet kan bli fullført iløpet av året.



Kvinnherad Energi igang med koplingsarbeid ved brua i dag

Det er eit langvarig og mykje omtalt prosjekt som no nærmar seg fullføringa. Faktisk er det no 13 år sidan høgspenninga vart lagt i jord gjennom sentrum samtidig med at gang- og sykkelvegen vart opparbeidd.

Meir har ikkje skjedd. Den gamle luftlina har fungert og gjer det framleis. Kvinnherad Energi har ikkje sett seg istand til å fullføra prosjektet før no.

Det neste som skjer etter at lina er ført over elva er at den vert lagt i jord fram til Eik. Heilt til slutt vert så den gamle og mykje kritiserte luftlina fjerna. Ein av dei positive sidene ved den operasjonen er at ein frigjer byggjegrund i sentrale delar av Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen